



VI TRENG MEIR KUNNSKAP OM BORGARLØN

Vedtatt av Grønn Ungdoms landsstyre 08.11.2020

Forskjellene mellom fattige og rike aukar i Noreg. Det gjer at fleire menneske får ein dårlegare livskvalitet, og må kjempe ein årelang og byråkratisk kamp mot NAV for å få pengar til livsopphald som dei har rett på. Borgarløn kan bli ein utbetaling frå staten som dekker dei grunnleggjande behova til alle innbyggjarar, og samtidig minskar byråkratiet knytta til å få den hjelpa.

I dag finst det lite forskning på korleis innføring av borgarløn vil påvirke liva til alle grupper i samfunnet som potensielt kan få pengane, og korleis det kan påvirke samfunnsøkonomien til Noreg. Grøn Ungdom og MDG skal føre ein kunnskapsbasert- og sosialt utjamnande politikk som opprettheldt ein berekraftig velferdsstat.

Grønn Ungdom vil:

- Gjennomføre prøveprosjekt med borgarløn og utrede korleis borgarløn kan fungere i ein norsk kontekst
- Bestille ein grundig kostnadsanalyse som drøftar korleis skattenivået må endrast i praksis, og konsekvensane av det